

KYRKJEBLAD

For KVITeseid sokn (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)



*Les og om: Ministrant Ingar Hovda har fylt 50 år.
Superonsdag i Vrådal, s. 7. Ny bok frå prostidiakonen, s. 10.*



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITeseid

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kyrkja.no/kviteseid



Kyrkjevevje
Jon Svarddal (vikar)
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 408 91 423
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 911 83 750



Sokneprest
Sigrun Lønning
Solvang
Mobil tlf: 924 18 778
prest@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 911 20 248



Organist
Olav Holm
Mobil: 934 01 156
organist@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 970 78 771



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Vi har ledig 50 % fast
stilling. Ta kontakt om
dette passar deg eller
andre du kjenner.



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 911 13 580
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Dagfinn Køhn,
Redaksjon: Øyvind A. Jørgensen
Framsidediletet: Ingar Hovda som
krossberar i Kviteseid kyrkje
Foto: Kristen Salmelid
Utforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkje i Kviteseid)

Ein heilt vanleg fødsel?

Ei forteljing om ei ung kvinne og hennar første fødsel er utgangspunktet for at svært mange menneske snart skal feire jul. Det er ei forteljing som grip oss.

”Jeg skulle gjerne sett ansiktet på mannen – møtt ham som skrev dette. Beretningen om Jesu fødsel er det vakreste som er skrevet. Det er det tetteste, knappeste, og det vakreste,” sa den verdskjende svenske forfatteren Pär Lagerkvist i ein samtale med Jakob Weidemann ein sein nattetime i Roma. Så legg han til: ”Tenk om det er sant!”

Kvifor grip ho oss? Ein fødsel er ikkje så veldig spesielt. Alle er jo fødde ein gong. Han som skreiv dette, Lukas, var oppteken av at dette ikkje var noko han fann på, men noko som faktisk hadde skjedd i vår historie. Tidspunktet blir oppgjeve: Då keisaren heitte Augustus, og alle innbyggjarane måtte skrive seg inn i manntalet. Staden blir oppgjeve: Betlehem, og også namna på foreldra: Maria og Josef. På den måten er dette ei sann historisk forteljing.

Samtidig ligg det noko meir i denne forteljinga enn ein vanleg fødsel. Dei som skreiv om Jesus, var opptekne av kvar Han kom frå og kven Han er. Svaret dei gir, er: Guds eigen Son. Juleevangeliet er forteljinga om korleis Han som var til

før tida, går inn i vår tid og blir som ein av oss. Han som hadde skapt alt og som alltid er større enn vi kan forstå, gjer seg så liten at vi kan sjå korleis Gud er.

Ole Paus skildrar korleis Jesus er:

”Hvem vil ta meg inn til seg
når det blir kaldt?

Hvem vil si: Du er av meg,
jeg elsker din sjel gjennom alt.
Hvem orker å se meg som den jeg er
og elske meg som en sønn?”

”Jeg skulle gjerne sett ansiktet på mannen – møtt ham som skrev dette,” sa Pär Lagerkvist. Det går ikkje, for Lukas er død. Men vi kan møte Han som vart fødd, Jesus Kristus. Han som ikkje har gløymt oss, men alltid kjem til oss. I dåpen vart vi døypte til han. I nattverden tek vi imot han. Når vi bed, er han der, og når vi les i Bibelen, kan vi sjå korleis Jesus er.

Velsigna advent
og juletid.

*Stein Reinertsen
Biskop i Agder
og Telemark*



Ingar har fylt 50

Vår faste ministrant i Kviteseid kyrkje, Ingar Hovda, fylte 50 år den 10. september. Jubiléet blei feira med familie og vener på Misjonshuset den 4. oktober, og vi i Kyrkjebladet vil også gjerne heidre han.

Ingar kom til Kviteseid i 1976, og vaks opp hjå Ragnhild og Hadle og dei tre storesyskena Ingvild, Joar og Møyfrid på Kvitsund. Her fekk han også nyte godt av eit større miljø med mange aktivitetar og mykje sosial stimulans. No bur han på Lundenjordet, i ein triveleg bustad med kombinert

stove og kjøkken, soverom og bad. "Eg har vore her lenge no, veit du." Ja, sidan han var 20 har han budd her, og han kosar seg i bustaden sin. Mange fine bilete har han på veggen, og det siste er eit flott fotografi av Victoria og brygga og Kviteseidbyen, ei bursdagsgåve frå mor.

Bustaden har Ingar for seg sjølv, men han har kort veg til dei andre tolv som bur på Lundenjordet om han vil gå på besøk. I helgene har dei ofte felles måltid, og frå tid til annan reiser dei på turar saman eller er med på arrangement i Kviteseid, som t.d. fredagsdisco.



På dagtid er Ingar på arbeid, på Kvito. No er det brøytestikker han arbeider med, fortel han. Dei må ha refleks, og så blir dei pakka. Ingar likar arbeidet sitt og er stolt av arbeidsplassen sin. Kva likar du best å jobbe med? Det er han klar på: "Med ved." Men korleis kjem du deg til Kvito? Får du skyss? "Eg går." I all slags vêr? "Jau, eg gjer det."

Når arbeidsdagen er over, ber det heim att, og så er det middag. Etter middagen har Ingar tid til å slappe av. Då likar han å halde seg hjå seg sjølv, men av og til tek han ein tur til ein av dei andre. På fridagane kan det hende han og fleire reiser ut på noko. Ingar har bil som dei kan nytte. Og kvar reiser de då? "Til Seljord, til kroa." Dit er det greitt å køyre, og der kan dei få eit godt måltid middag eller kaffi og kaker.

Dyrsku'n er det viktig å få med seg. År om anna kan det bli litt kluss med kalenderen.

Ingar har jo bursdag den 10. september, og han vil gjerne ha eit selskap akkurat på dagen, og det kan fort kollidere med Dyrsku'n. I mange år inviterte Ragnhild og Hadle til ope hus hjå Ingar på dagen, og mange har kome innom til hyggeleg lag. Men på Dyrskun'n, kva er det du helst vil sjå der? Ingar er ikkje i tvil. "Dyra. Kyrne og hestane og dei andre dyra. Dyra må ha det bra." Ja, Ingar er glad i dyr. Då han var



liten, hadde han og Joar kanin saman, og dei som kan hugse at Ingar gjekk på Peder Morset folkehøgskole i Selbu, hugsar kanskje at han laga ei fin bok med tekst og teikningar av hundar og kattar.

I haust var fleire av dei som bur på Lundenjordet med på Notodden-leikane. Der driv dei idrett, og der møter dei vener og kjende frå andre kommunar. Ingar spring og kastar kule, fortel han. Og så hender det at han er på lengre reiser, gjerne til syskena i Stavanger og Os. Dyreparken i Kristiansand er også eit populært reisemål. Der likar han å fare i tømmerrenna, og ikkje minst, der får han sjå ein av dei største heltane sine, sjølvaste kaptein Sabeltann.

Når no Ingar fylte femti, stelte Ingvild, Joar og Møyfrid og heile familien til eit selskap for han på Misjonshuset. Familie og vener frå Kviteseid og mange andre stader kom saman for å feire. "Det var veldig moro", seier Ingar. "Det var god mat og kaker, og fine gaver." Ingar fekk mange gratulasjonar og helsingar, og kosa seg veldig. Dei hadde stelt til ein kjempeflott fest, og jammen fekk

ikkje Ingar også besøk av sjølvaste kaptein Sabeltann og sjørøvarane hans. Det blei dramatisk då det viste seg at skattkista med gåvene til Ingar var tom. Gullet og alle edelsteinane var stolne! Men heldigvis greidde dei barske sjørøvarane å finne tjuvegodset att så alle skattane kom på plass.

Ingar er veldig glad i familien sin og fylgjer med på dei alle. Han er ein stolt onkel og ein god onkel, ja, fadder er han også, og det gløymer han ikkje. Han har i det heile utruleg god oversikt over vener og kjende. Dette har han nok frå far sin. Ingar har omsorg for alle, og hugsar namna på veldig mange. Då vi lura på kven som hadde gudstenesta på sundagen då Sigrunn hadde fri, hadde Ingar oversikt, det var Kristian Espeland, kunne han fortelje.

I Kviteseid kyrkje er Ingar fast ministrant. Ein ministrant er ein medhjelpar til presten i gudstenesta. I det har Ingar vore trufast i mange år. "Det er fint å vere saman med Sigrun", seier han. Det gildaste er å bere krossen når det er inngangsprosesjon, og den faste oppgåva i alle gudstenester er å halde ljuset når evangelieteksten blir lesen. Det er ei viktig oppgåve. Ljuset minner oss om at Jesus er ljuset vårt. Han sa: "Eg er ljuset i verda. Den som fylgjer meg, skal ikkje ferdast i mørkret, men ha livsens ljøs." Når Ingar held ljuset der framme ved sida av presten, forkynner han at det evangeliet som blir lese, er ljuset for oss alle.

Kyrkjebladet gratulerer Ingar med 50-årsjubiléet, takkar for tenesta og ynskjer han alt godt framover.

ØAJ



Superonsdag i Vrådal

Tekst og foto: Jan Gunnar Breivik

Superonsdag, - kva er det?

På eit møte i det som tidlegare heitte Trusopplæringsutvalet, men som nå har skifta namn til KUL-utvalet (kyrkjeleg undervisning og læring), dukka det opp som tema: Kan vi skape ein møtestad i Vrådal etter mønster av supertysdagen på Fredheim i Kviteseid? Ein møtestad der unge og gamle kan møtast ein gong i månaden; hygge seg, synge saman og få seg ein rimeleg middag? Styret i Saniteten og idrettslaget blei kontakta, og dei ville gjerne bidra økonomisk og stå som medarrangørar. Det blei raskt semje om å spikre den første onsdagen i månaden som "superonsdag", og den første gjekk av stabelen på klubbhuset 1. oktober.

Samlinga startar kl. 16 og held fram til 17.30, og deretter går ungane rett på Allidrett, som er frå 17.30 til 18.30. Tanken er at middagen òg skal lette på trykket for travle småbarnsfamiliar. Av praktiske grunnar er det naudsynt med påmelding til samlinga. I starten gjekk denne påmeldinga litt tregt, men då vertsskapet, Tone Straand, Jonathan Skree Moe og Benedikt Nødland, kunne ønske velkomen, sat det over 50 menneske rundt borda! Etter eit bordvers kunne dei frammøtte kose seg med nydeleg kyllinggryte, og det var mat nok til alle! Astrid Breivik fekk både ungar og vaksne med på song, og då ungane forsvann for å vere med på allidrett, kunne dei som sat att, kose seg med kaffi og drøs.

Medan nokon frå KUL-utvalet tek seg av leiinga av måltidet, med t.d. velkomst og fellessong, vil oppgåver som å stå for mat og å rigge og rydde etter arrangementet, etter tur veksle mellom laga som står som arrangørar.

Vi vonar dette kan bli ein god tradisjon framover. Første onsdagen i desember inviterer vi til jolegraut, kaffi og småkaker. Påmelding kan skje fram til og med dagen før sjølve superonsdagen, ved å ringe eller sende melding til Astrid Breivik på tlf. 922 99 314.



Gullkonfirmantfest i Kviteseid

Vi har i lang tid hatt som tradisjon i Kviteseid at soknerådet inviterer til fest for dei som var konfirmantar i kommunen for om lag 50 år sidan, to årskull om gongen. I år galt det dei som var konfirmantar høvesvis i 1974 og 1975, og dagen var 19. oktober, med messe i Kviteseid kyrkje og samling på Misjonshuset etterpå. Ein feststemt, god flokk hadde møtt fram, fleire av dei langvegsfarande, og skal ein døme etter lydnivået undervegs i peisestova, så var gjensynsgleda stor og stemninga god. Det vart servert vidgjetne snittar frå Waldenstrøm og kaffi og heimebakte kaker, og jubilantane fekk også brynt seg på ein quiz om heimekommunen med sine mange grender.

På kyrkjekontoret er dei takksame for tips og adresselister for kulla som står for tur, så tak gjerne kontakt! Dette er eit arrangement vi vil prøve å halde fram med også i åra som kjem.



Minnelunden i Kviteseid opna

Kyrkjebladet fortalde for eit år sidan om arbeidet med ein minnelund for urnegraver på kyrkjegarden ved Kviteseid kyrkje. Sidan den gong er området sådd til og klargjort med heller og gangveg, benkar og lys. Etter gudstenesta på helgemessesøndag, 2. november, vart staden formelt opna. Den offisielle innviinga var det ordførar Tarjei Draugedal som tok seg av, og elles var det helsingar ved prostidiakon Eilev Erikstein og soknerådsleiar Marit Sørby. I helsinga si hadde ho blomar og en særleg takk til kyrkjetenar Bjørn Stian Sigurdsli (helt til høyre på biletet), som har vore krumtappen i arbeidet frå den tidlege planlegginga og helt fram til siste finpuss

– rett nok med hjelp frå Bjørn Nordskog og dei to andre kyrkjetenarane, Jan G. Haugen og Håkon Heggteveit. Minnelund og urnegraver vil ganske sikkert bli eit verdfullt supplement til ordinære kistegraver i tida som kjem, og såleis er vi svært takksame for at dette nå er ein realitet i Kviteseid.



Konfirmantarbeidet er i gang

Ein fin flokk med tretten konfirmantar har kome godt i gang med førebuingane fram mot konfirmasjonen til våren. Starten i september var ei vandring frå Brunkeberg ned til Kviteseid kyrkje, ei reversert utgåve av det som i si tid var første etappe på pilegrimsvandringa mellom Kviteseid og Røldal, og på turen hadde dei følgje med sokneprest Sigrun Lønning Solvang og prostidiakon og pilegrimsvandrar Eilev Erikstein.



Seinare har dei òg vore med på Kich-off i Seljord saman med over 300 andre konfirmantar i Øvre Telemark prosti, og dei lokale samlingane skjer i kyrkjestova i Kviteseid etter skuletid, med mat, leik, samtale og undervisning. Meldingane frå oppstarten fortel om ei positiv og triveleg gruppe som det skal bli fint å bli kjent med gjennom vinteren, ikkje minst gjennom oppgåver dei vil

få som ministrantar ved gudstenester i sine heimlege kyrkjer.

Allereie 7. desember deltek dei alle på lysmesse i Brunkeberg kyrkje, og Sigrunn prest oppmuntrar lesarane til å hugse på konfirmantane med omtanke og forbøn.

Konsertar i soknet

Tredje søndag i adventstida, 14. desember, er det på nytt klart for den tradisjonsrike adventskonserten i Kviteseid kyrkje, der alle bygda sine kor saman med hornmusikken som vanleg skaper god førjolsstemning.

Også ein annan konsert er i ferd med å bli tradisjon. Torsdag 18. desember ynskjer Symre saman med gode musikalske vener

velkomen til jolekonsert i Brunkeberg kyrkje. Rapportar frå i fjor fortel om ein stemningsfull og variert konsert med høg musikalsk kvalitet; me trur dette blir ei flott førjolsoppleving også dette året. I år blir det jamvel to konsertar; fredag 19. desember kan Vrådølar og joleturistar glede seg over dei same gylne juletonane i Vrådal kyrkje!

Gjere Vest-Telemark til ein varmare stad

Av Olav Mosdøl

Diakonien i kyrkja kan førast tilbake til tenesta innan kyrkjelydane i aposteltida (jf. Apg 6, 1-3). Diakonane skulle sørge for at dei som var svake og kleine, fekk stell og hjelp med mat og fellesskap. Kyrkja vår viser at diakonien i dag er forma gjennom kyrkja si omsorgsteneste; i samvirke mellom råd og andre tilsette. På den måten skjer det ei utvikling. Tenesta er i endring, forbedring og nyskaping. Andre har vore her før. Nokon kjem etter. Diakonien står i ein tradisjon – blant medmenneske.

Denne hausten kjem det ut ei interessant bok på 150 sider, som handlar om diakoniteneste. Manuset er samla og forma av prostidiakon Eilev Erikstein i Vest-Telemark under tittelen: *Å gjere Vest-Telemark til ein varmare stad å bu*.

Utgjevar er Tokke kyrkjelege fellelsråd. I si tid var det diakonirådsgjevar i Agder bispedøme, Oddvar Ripegut, som tok initiativ til årvisse samlingar i prostiet vårt. Fyrste gong ordet *prostidiakon* vart nemnt, er etter eit møte i Fjågesund 22. februar 1979. Det var diakon Gotfred Rekkebo (1911-93) som lanserte det. Etterpå kom det ei rekkje diakonkurs i Skafså, Fjågesund, Kviteseid, Fyresdal og Vinje. Arbeidet førte vidare til at bispedømerådet i august 1984 godkjende eit fem års prøveprosjekt. Per Emanuelsen vart tilsett som diakon for eit heilt prosti og blei buande på Dalen frå 1985.

Stillinga som prostidiakon starta som eit samarbeid, mellom det som den gongen

var Vest-Telemark prosti: tjue sokneråd, åtte prestar, diverse kyrkjetenarar og organistar på deltid. Ei teneste som omfatta ca. 13.000 menneske; og der kyrkjelydane klara det kunststykket å samarbeide og sikre økonomien. Inn i denne stillinga kom Eilev Erikstein som diakon i 1991. I januar 1992 hadde han ansvar for si fyrste diakonisamling på bedehuset i Kyrkjebygda i Nissedal. Etter kvart vart denne samlinga lagt til sundag etter påske, og plassert inn i gudstenesteordninga slik: Nissedal, Tokke, Fyresdal, Vinje, Kviteseid.

Boka er delt i sju hovudavsnitt: Å vere ei røyst. Diakonale høgtider. Å rive gjerde og byggje bruer. Prostidiakoni. Kyrkjeskattar. Pilegrim. Vern om skaparverket. Her møter me personen EILEV, me høyrer om utdanning, yrkesval, rollemodell og tankar, oppleving av folk og særmerkte menneske, natur og kultur. Forfattaren syner si evne til å skildre eit personleg yrkesval, til å lytte og kome i dialog. Han fangar òg ein del av samtida, ved å leggje inn ei rekkje gode lyrikkttekster som styrker leseopplevinga. Denne boka og Eilev er med til å *gjere Vest-Telemark til ein varmare stad*.



Livsteikn frå ein tidlegare sokneprest

Thor Egil Abrahamsen i Larvik

Det var med sommarfuglar i magen eg begynte som sokneprest i Kviteseid, våren 1982. Etter 8 år i Risør og Søndeled var det krevjande å flytte til ein ukjend stad, ikkje minst for borna våre. Dei måtte flytte frå gamle vener, men etter kvart fann dei seg nye vener her og kom inn i eit godt og levande miljø i "Unge Røyster" og på Misjonshuset.

Mange kunne ikkje forstå at vi ville flytte frå Risør og fjorden, havet og skjæra. Dei hadde ikkje grunn til bekymring. Eg hugsar den første gravferda med minnesamvær i Vrådalen. Naturen med høye fjell som spegla seg i Nisser og Vråvatn, samtalen ved borda, dialekten og dei kraftige arbeidsnevane som trykka til avskjed. Det var gjenkjenneleg. Som barn oppheldt eg meg mange somrar og eit heilt år hos bestemor og bestefar på garden i indre Agder. Bygda der hadde natur, talemål og folkeliv som likna Kviteseid og bygdene her. Eg kjende meg heime.

Her snakka ikkje folk lett vint om kjensler og "djupe tankar". Det passa meg godt. Eg kjenner på den same blygskapen. Det tek litt tid å bli kjent, men når ein først har kome innafor dørstokken og får kaffi og kling ved kjøkenbordet, kan det bli mange gode samtaler og varige venskap.

Her i Kviteseid møtte eg òg den gode blandinga av vekkingskristendom og tradisjonell folkekyrkjekristendom. Ei eldre

kvinne haika med meg. Samtalen blei personleg. "Trur du på Gud?", spurte eg. Sjølv sagt trudde ho på Gud, "men det hev ikkje teke overhand". Ho representerte ei tradisjonstru som er svært verdfull, men vi treng òg "gnisten" som vekkinga bringer.

Å forkynne Jesus slik at fleire beveger seg frå kyrkjebenk til alterring må være kyrkjens viktigaste oppgåve i vår tid der tradisjonane svekkjast.

Det blei 12 gode år for meg i Kviteseid. Mange tårer blei felte da vi braut opp og flytta til Skien. Men også i Gjerpen og Borgestad fekk vi 12 år, før vi i 2014 flytta til Larvik og overtok Ingjerds barndomsheim. Seinare har det blitt fleire vikartener i Nord-Noreg etter at vi flytta hit, men nå er eg berre pensjonist og har tid til å bla i minneboka. Av og til dukkar det opp eit minne der eg trødde feil og svikta, men dei fleste minna er knytt til gode møte med menneske i glede og sorg. Minnest òg med takk det gode kollegafellesskapet vi prestar hadde og arbeidsfellesskapet både i sokneråd og i staben på kyrkjekontoret. Takk for tida i Kviteseid!



Thor Egil Abrahamsen

Ein salme eg er glad i

Denne gongen har vi spurt etter ein jolesalme, og spørsmålet har gått til Tone Straand i Vrådal. Ho skundar seg med å seie at det er veldig mange jolesalmar ho likar, men valet var likevel ikkje vanskeleg.



”Det berre datt ned i meg,, fortel ho; ”det må bli ‘Det lyser i stille grender’. Den har fylgt meg lengst, og dette var nok den fyrste jolesalmen eg lærte utanåt.”

Tone fortel at i barndomsheimen hennar var det tradisjon å gå rundt joletreet, og då hørde denne salmen alltid med. ”Då såg eg for meg heimbygdi vår når vi song om stille grender. Eg knytte teksten til omgjevnadene rundt meg. At salmen er på nynorsk, spela nok også inn.”

Salmen er skriven av forfattaren Jakob Sande, som var frå Dale i Sunnfjord. Han levde frå 1906 til 1967. ”Som barn kjente eg ikkje Sande, men som vaksen har eg lese mykje av han, og på lærarskulen hadde eg eit prosjekt om han. Mykje av det Sande har skrive, er ganske forskjellig frå salmar. Han famnar vidt. Eg synest det er fint at han som kunne skildre så mange tunge ting i livet, samtidig kunne skrive så enkelt og vakkert om Jesus og jolebodskapen.”

Tone har alltid vore glad i å syngje. ”Vi song heime, og vi song mykje på skulen i Vrådal, og eg syng gjerne for meg sjølv.” No er ho

med i Vrådalskoret, og det er viktig for henne å gje songskatten vidare til borna sine og elevane sine. ”Eg syng mykje med elevane mine, og vil gjerne at dei blir godt kjende med jolesalmane. ‘Det lyser i stille grender’ har òg ein fin melodi. Han er godt tilgjengeleg, så borna meistrar han.”

‘Det lyser i stille grender’ blei fyrste gong publisert i joleheftet ‘Jul i Sunnfjord’ i 1931. Den mest brukte melodien er av komponisten Lars Søråas d.y. (1887 – 1976).

ØAJ

*Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljøsa held.*

*Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar
som barn i ein vesal stall.*

*Der låg han med høyt til pute
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.*

*Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen,
som alltid er ung og ny,*

*den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds son, vår sonnar
som døden for evig batt.*

«Krøllegudsteneste» i Kviteseid kyrkje

Sundag 8. februar kl.11.00 skal det vere ei spesiell familiegudsteneste i Kviteseid kyrkje. Gudstenesta er tilrettelagt for småborn, men passar for alle aldrar. Me vert mellom anna nærare kjende med sauene Krølle, som alltid rotar seg bort, og som har gøymt seg i kyrkja, og alle mellom 0 og 3 år får kvar si gåve med heim. Det vert send ut invitasjon i posten til alle døypte som er medlemar i Den norske kyrkja, men gudstenesta er sjølvstendig open for alle. I etterkant av gudstenesta vert det som vanleg kyrkjekaffi og sosialt fellesskap.



Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå
og Seljord gravferdsbyrå

DØGNVAKT
928 13 634

Gravferdstenester. Gravstein.
Omsliping, påskrift, vask og oppussing
av eldre gravstein.

www.vtgravferd.no

Tusen takk for di g ve!

Jamvel om vi n  pr ver oss med annonsar i bladet v rt, er vi avhengige av frivillige g ver, og vi er sv rt takksame for alle som st r oss og p  den m ten hjelper oss med   gi ut bladet.

Om nokon er interesserte i   annonsere, er det berre   ta kontakt med kyrkjeverja p  telefon 35 06 81 31 eller 408 91 423.

Kontingent for kyrkjebladet for 2025: kr 200,- pr. husstand

Bruk bankkonto 2660.45.14648, eller Vipps til nr 3850, kategori ‘3 Kyrkjebladet’.

Med bruk av vipps kan du sj lv aktivere skattefr drag p  alle dine g ver til Kviteseid sokn.

Tusen takk for di st tte!

Kvittering

Innbetalt til konto

2660.45.14648

Bel p

Betalerens kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Kviteseid sokn
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Kroner

 re

Til konto

<

>

2660.45.14648

LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

Døypte *Brunkeberg*



Vega Andersen Draugedal



Sverre Emil Harestad Solvang



Torje Todal Moe

Fjågesund



Daniel Jamtveit Åmellom

Vrådal



Noah Matteo de Ruiter

Vigde *Kviteseid gamle kyrkje*



Thea Wilhelmine Pram Jørgensen
og Torfinn Hovden Aabø

Døde

Kviteseid

Svanhild Anne Jamtveit

Brunkeberg

Mary Opsund – Brunkeberg
Tordis Irene Herrefoss

Vrådal

Kåre Hauknes

GOD JUL!

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITeseidGATA 13, 3850 KVITeseid

GUDSTENESTELISTE

DESEMBER 2025

Søn. 14.12. – 3. s. i advent

Kviteseid kl. 17.00
Adventskonsert
Takkoffer til kyrkjelydens
misjonsprosjekt

Søn. 21.12. – 4. s. i advent

Inga messe i soknet

Ons. 24.12. – Jolaftan

Fjågesund kl. 12.30
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Vrådal kl. 14.30
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Brunkeberg kl. 15.00
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Kviteseid kl. 16.15
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Torsd. 25.12. – 1. juledag

Kviteseid kl. 11.00
Takkoffer til NMS
Vrådal kl. 13.30
Takkoffer til NMS

Fred. 26.12. – 2. juledag

Kviteseid kl. 11.00
Inga messe i soknet

Søn. 28.12. – Romjuls-søndag

Inga messe i soknet

Onsd. 31.12. – Nyårsaftan

Kviteseid kl. 23.15
Takkoffer ??

JANUAR 2026

Torsd. 01.01. - nyårsdag
Inga messe i soknet

Søn. 04.01. – Kristi openberringsdag

Inga messe i soknet

Søn. 11.01. – 2. s. i openberringstida

Brunkeberg kl. 11.00
Takkoffer til kyrkjelydens
trusopplæring

Søn. 18.01. – 3. s. i openberringstida

Misjonshuset, Kviteseid kl. 16.00
Felles familiemøte

Søn. 25.01. – 4. s. i openberringstida

Kviteseid kl. 11.00
Takkoffer kyrkjelydens
misjonsprosjekt

FEBRUAR 2026

Søn. 01.02. – Såmannssøndag

Brunkeberg kl. 11.00
Takkoffer til Det norske bibelselskap

Søn. 08.02. – Kristi forklæringsdag

Kviteseid kl. 11.00 –
Familiegudsteneste
Krollægudst. Takkoffer til kyrkjelydens
trusopplæring

Søn. 15.02. – Fastelavnssøndag

Vrådal kl. 11.00
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søn. 22.02. – 1. s. i fastetida

Inga messe i soknet

MARS 2026

Søn. 01.03. – 2. s. i fastetida

Kviteseid kl. 11.00
Takkoffer til Institutt for sjelesorg

Fre.-søn. 06.-08.03. – 3. s. i fastetida

Fellesmøte

Onsd. 11.03.

Kviteseid kl. 19.30
Taizé-gudsteneste

Søn. 15.03. – 4. s. i fastetida

Inga messe i soknet

Søn. 22.03. – Marie bodskapsdag

Kviteseid kl. 11.00 –
Familiegudsteneste
Takkoffer til fasteaksjonen

Søn. 29.03. – Palmesøndag

Inga messe i soknet

APRIL 2026

Torsd. 02.04. – Skjærtorsdag

Kviteseid kl. 18.00
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Fred. 03.04. – Langfredag

Brunkeberg kl. 11.00

Søn. 05.04. – Påskedag

Kviteseid kl. 18.00
Takkoffer til kyrkjelydens
misjonsprosjekt
Vrådal kl. 13.30
Takkoffer til kyrkjelydens
misjonsprosjekt

Månd. 06.04. – 2. Påskedag

Fjågesund kl. 12.30
Takkoffer Søndagsskolen, Telemark

Søn. 12.04. – 2. s. i påsketida

Kviteseid kl. 15.00
Felles diakonisøndag for prostiet
Takkoffer til Diakonaten i Vest-
Telemark

KALENDER

Babysong

Misjonshuset, Kviteseid

Om lag kvar torsdag kl. 11-13

Føremiddagstreff

Misjonshuset, Kviteseid kl. 11

jan.: onsdag 28.

febr.: onsdag 25.

mars: onsdag 25.

Språkkafé

Misjonshuset, Kviteseid

tysdagar kl. 14.30

2026: 06.01; 03.02, 03.03

og 07.04.